

Oppdragsgiver

**Vaksdal kommune**

Rapporttype

**Konsekvensutredning - temarapport**

Dato

**2024-03-22**

# OMRÅDEPLAN STANGHELLE KONSEKVENSGREIING NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPASSAR

**RAMBOLL**

**Henning  
Larsen —**

# **OMRÅDEPLAN STANGHELLE KONSEKVENSGREIING NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPASSAR**

Oppdragsnavn	<b>Områdeplan Stanghelle</b>
Prosjekt nr.	<b>1350025528</b>
Dokumenttype	<b>Rapport</b>
Versjon	<b>01</b>
Dato	<b>22.03.2024</b>
Utført av	<b>Synnøve Bjørseth Olsen</b>
Kontrollert av	<b>Anna Rongen</b>
Godkjent av	<b>Erik Ditlefsen</b>
Beskrivelse	<b>Konsekvensutredning næringsutvikling og arbeidsplassar</b>

**INNHALD**

<b>1.</b>	<b>Samandrag</b>	<b>2</b>
<b>2.</b>	<b>Innleiing</b>	<b>3</b>
2.1	Bakgrunn for planarbeidet	3
2.2	Overordna mål og føringar	4
2.3	Utgreiingskrav	6
<b>3.</b>	<b>Metode</b>	<b>8</b>
3.1	Innleiing	8
3.2	KU-metoden sine 3 trinn	8
3.3	Fagspesifikk skildring av metodikk næringsutvikling og arbeidsplassar	9
<b>4.</b>	<b>Utgreiingsalternativ og tiltaksskildring</b>	<b>12</b>
4.1	0-alternativet – referansealternativet	12
4.2	Tiltaksskildring for områdeplanen	12
<b>5.</b>	<b>Kunnskapsgrunnlag og delområde</b>	<b>14</b>
5.1	Generell skildring	14
5.2	Føringar frå planprogrammet	15
5.3	Alternativ 0, temaspesifikke forhold	16
5.4	Definisjon av delområde	16
<b>6.</b>	<b>Trinn 1: Verdi, påverknad og konsekvens</b>	<b>17</b>
6.1	Verdikart	17
6.2	Planområdet	17
<b>7.</b>	<b>Trinn 2: Konsekvensvurdering</b>	<b>19</b>
7.1	Samanstilling av konsekvensar	19

# 1. Samandrag

Temaet næringsutvikling og arbeidsplassar handlar om i kva grad planen oppnår samfunnsmåla for utvikling og vekst i stasjonsbyane og fortetting rundt kollektivknutepunkta i regionen. Hovudmålet for kommunen er at den skal ha eit meir variert næringsliv.

## *Metode*

Det finnest ingen fastsett metodikk for konsekvensutgreiing av temaet næringsutvikling og arbeidsplassar for områdeplanar. Metoden er utvikla for dette prosjektet, men byggjer på generell metodikk frå handbok V712. Utgreiinga skal sannsynleggjere om planen legger til rette for vekst i arbeidsplassar gjennom å legge til rette for næringsareal og i kva grad den bidreg til økonomiske ringverknader gjennom å legge til rette for nye samanhengar mellom framtidig næring, bustader og servicetenester. Utgreiinga ser på publikumsretta private verksemder og andre næringar kvar for seg.

For dei publikumsretta næringane skal utgreiinga vise om utbyggingspotensialet for desse aukar, og om hovudvekta av dette utbyggingspotensialet ligg nære kollektivknutepunktet og dermed kan føre med seg ringverknader. For dei andre næringane viser utgreiinga om tilgangen på brukbart tomteareal aukar.

## *Påverking*

Områdeplanen legg til rette for ein forholdsvis stor auke i utbyggingspotensial for publikumsretta privat næringsaktivitet på Stanghelle. Hovudvekta av denne er lokalisert ved kollektivknutepunktet med transformasjon av dette området, slik at det liggje til rette for nye samanhengar mellom framtidig næring, bustader og servicetenester. Også arealet avsett til andre næringar aukar i nokon grad. Den positive påverkinga av områdeplanen er tydeleg betre enn 0-alternativet.

## *Konsekvensar*

Områdeplanen er vurdert å gi positive konsekvensar for næringsutvikling og arbeidsplassar.

## 2. Innleiing

### 2.1 Bakgrunn for planarbeidet

Planarbeidet for områderegulering for Stanghelle er sett i gang i samband med regjeringa sitt vedtak av den statlege reguleringsplanen for E16 og Vossebanen på strekninga Arna – Stanghelle. Den statlege planen vil ha verknad for utviklinga av staden Stanghelle. Kommunestyret i Vaksdal har difor, i sak 70/2016, vedteke oppstart av områdeplan for Stanghelle stasjonsby. Føremålet med prosjektet er å leggje til rette for at stasjonsbyen Stanghelle kan veksa og utvikla seg vidare til ein fleirfunksjonell stad med bustader, næring, handel, offentleg og privat tenesteyting, blågrøne strukturar, møteplassar, friluftsliv og naturopplevingar.


Det statlege planen er ei viktig føring for arbeidet med områdeplanen. Områdeplanarbeidet skal bidra til å nå prosjektet sine samfunns- og effektmål.

Det vart i samband med reguleringsplanen for E16 og Vossebanen sett nye mål. Dei måla vart nemnt i kommuneplanens samfunnsdel (2017-2028):

*"Ny E16 og Vossabane kan verte ein vesentleg vekstfaktor for dei sentrale delane av kommunen. Det er difor avgjerande at reviderte arealplanar er framsynte og legg til rette for kvalitet, slik at heile potensialet som ligg i denne utviklinga kan komme innbyggjarane til gode."*

Det er i denne samanhengen utarbeidd konsekvensutgreiingar for å belyse konsekvensar planen har for 7 ulike tema i området; landskapsbilete, by- og bygdlev og friluftsliv, naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, naturressursar, tettstadsutvikling og urbanisering, næringsutvikling og arbeidsplassar.

Grensa for planområdet er vist i figur 1 på neste side.



Figur 1. Områdeplanens avgrensning

## 2.2 Overordna mål og føringar

### 2.2.1 Nasjonale føringar

Staten har utarbeidd ei rekke lover, forskrifter, rundskriv og retningslinjer som gir føringar for kommunal planlegging. Dei statlege føringane vert innarbeidd i regionale og kommunale planer, og alle vert difor ikkje lista opp her. Vi peikar likevel på nokre sentrale føringar for kommunal planlegging:

- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging (2015)
- Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2011)
- Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (2008)

### 2.2.2 Regionale planar

- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028
- Regional transportplan 2018-202
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2014
- Regional plan for folkehelse 2014-2015
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional næringsplan
- Område for friluftsliv 2008
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030

Regional planstrategi/utviklingsplan for Vestland 2020-2024 har mål om at lokalsamfunn skal vere rammene for gode kvardagsliv. Strategien er at Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar. *Vestland har ujamn folketalsutvikling, med sentralisering mot nokre kommunar og større stader. I vekstkommunane er det vekst i tilbodet av bustader, arbeidsplassar og tenester. Rask vekst kan gi kraft til endring og klimaomstilling, men kan òg gi utfordringar knytt til behov for oppgradering av infrastruktur og sikring av kvalitet i bygde omgjevnader. I nokre kommunar er biletet prega av svak næringsutvikling, fråflytting og skeiv aldersfordeling. Her er utfordringa å sørge for fleire arbeidsplassar, rekruttering av arbeidskraft og jamgode tilbod og tenester. Regional planlegging skal sikre ei samfunnsutvikling som utjamnar sosial ulikskap og styrker grunnlaget for vekst og gode kvardagsliv i heile fylket.*

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028 peiker ut vekstsonar der hovuddelen av vekst i bustader og arbeidsplassar bør skje. Planområdet omfattar blant anna Vaksdal kommune og legg føringar for eit overordna felles prinsipp for utbyggingsmønster. Der er det mål om at utbyggingsmønsteret skal vere arealeffektivt og klimavenleg basert på den regionale senterstrukturen. Hovudtyngda av veksten i arbeidsplassar og bustadar skal kome innanfor regionale vekstsonar. Delmål: det skal vere høg arealutnytting i sentrumsnære område med høg kvalitet i utbygginga.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) har som hovudmål at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvennleg transport. Sentera skal legge til rette for vekst i heile fylket.

- Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i.
- Sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.

- Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum.

Retningslinjene seier at kommunane Osterøy, Vaksdal og Samnanger soknar i retning Bergen.

Eit viktig mål for prosjektet «E16 og Vossabanen, Arna – Stanghelle» er at prosjektet skal føre med seg berekraftig lokal og regional utvikling med:

- God arkitektur og landskapstilpasning
- Unngå/minimere fysiske og visuelle barrierer
- Ha god økologisk tilstand i vannforekomster både i sjø og ferskvann

### 2.2.3 Lokale planar

Målet for planarbeidet med områdeplan for Stanghelle er at planen skal bidra til næringsutvikling og nye arbeidsplassar, samt at omlegging av veg og jernbane skal føre til endring som gagnar tettstaden. Vidare er det eit mål å betre arealutnyttinga til næring og bustad og styrke fortettinga og urbaniseringa av stasjonsbyane.

Overordna mål for kommuneplanens arealdel: Vaksdal kommune skal verte ein vekstkommune for innbyggjarar og næringsliv basert på miljøvenleg utvikling med høg kvalitet for alle, med hovudmål om at «*Vaksdal kommune skal ha eit meir variert næringsliv*».

Vidare seier samfunnsdelen at det for næringsutvikling er:

- Behov for å finne nye næringsvegar
- Landbruket kan utviklast vidare som næringsveg
  - Nytte Vaksdal næringssselskap aktivt for å gjere kommunen til ein attraktiv bu- og arbeidskommune

Frå kommuneplanens arealdel:

- Vekst i tal i nye arbeidsplassar
- Meir enn 80 % av bygningsmasse til industri skal vere i aktiv bruk innan 2030
- Fleire sysselsette skal jobbe innanfor kommunen i løpet av planperioden.

## 2.3 Utgreiingskrav

Krav til ei konsekvensutgreiing er omtalt i Forskrift om konsekvensutgreiing, sjå [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no). Konsekvensar skal utgreiast i høve til planprogram fastsett av Vaksdal kommune, 17.06.2019.

I fastsett planprogram er utgreiingskrav for næringsutvikling og arbeidsplassar omtalt slik:



*I kva grad planen oppnår samfunnsmåla for utvikling og vekst i stasjonsbyane og fortetting rundt kollektivknutepunkta i regionen.*

## 3. Metode


### 3.1 Innleiing

Statens vegvesens metode for konsekvensanalyse består av ein samfunnsøkonomisk analyse som inkluderer både prissette og ikkje-prissette konsekvensar. Ein samfunnsøkonomisk analyse tar sikte på å få fram/identifisere og systematisk vurdere alle fordelar og ulemper av eit tiltak frå samfunnets synsvinkel. Metoden skal sikre ein systematisk, heilskapleg og fagleg analyse av dei konsekvensane eit tiltak fører med seg. Metoden for konsekvensutgreiing av ikkje-prissette tema er beskrevet i kap. 6 i handbok V712, oppdatert versjon 2021.

For ein grundig metodegjennomgang viser vi til V712. Ein forkorta versjon av de viktigaste trinna i metoden er angitt i kapittel 3.3.

### 3.2 KU-metoden sine 3 trinn

Konsekvensutgreiing for ikkje-prissette tema vert gjennomført etter ein tre-trinns metode som er vist i figur 2. Gjennom innleiande arbeid vert tiltaket og relevante registreringar henta inn og skildra. Trinn 1 og trinn 2 skal gjennomførast for alle fagtema for seg. Den føreliggjande temarapporten gjennomgår trinn 1 og 2 fagspesifikt. Trinn 3 er ei konsekvensvurdering av alle ikkje-prissette fagtema samla, og vert gjennomgått i planomtalen.



Figur 2. Tre-trinns metode for konsekvensutgreiing av ikkje-prissette tema (V712).

### 3.3 Fagspesifikk skildring av metodikk næringsutvikling og arbeidsplassar

Rettleiar V712 beskriv ein metodikk for vurdering av netto ringverkingar på økonomien. Denne metodikken er tilpassa store samferdsleprosjekt og har som føresetnad at ein ser for seg at prosjektet gjer reduksjon i reisekostnader og vil knytte saman tenesteytande næringar. Sidan planen legger rammene for utvikling av Stanghelle som ein fleirfunksjonell stad og ikkje er ein samferdsleplan, kan metodikken frå V712 ikkje nyttast. Ein eigen metodikk er difor utvikla for denne utgreiinga.

Næringsetableringar og vekst i arbeidsplassar på ein stad heng saman med ulike faktorar ved staden. Ein faktor er ressursar på staden som kan nyttas til økonomisk verksemd (til dømes tilgang på vasskraft, stor arbeidsmarknad, høvelege næringsareal), ein annan er at staden tiltrekk seg besøk frå andre stader (til dømes turisme) og ein tredje er at dei som bur og arbeidar på staden etterspør varer og tenester som dei i stor grad handlar lokalt. Ringverknader av ein plan på ein mindre stad handlar i hovudsak om den tredje faktoren. Viss fleire busett seg på ein plass aukar etterspurnaden etter varer og tenester som desse etterspør, både i form av kommersielle tilbod (til dømes daglegvarer og frisør) men også frå offentleg tenesteyting (til dømes skule). Auka etterspurnad kan føre med seg auka sysselsetting, og sysselsettinga sjølv kan auke etterspurnaden etter varer og tenester. Denne ringverknaden krevjar at det er høvelege areal tilgjengeleg for desse verksemdene. Utgreiinga skal vise i kva grad planen legg til rette for vekst i slike publikumsretta private verksemdar, og om areala til dette føremålet er lokalisert slik at slike ringverknader kan skje.

Kortare reiseavstand til vil påverke attraktivitet til næringsareal. Når reisetida i ein region minkar kan verksemdar med eit regionalt nedslagsfelt ynskje å lokalisere seg på ein plass med lågare pris på næringsareal. Dette vil i første hand vere aktuelt for arealekstensive verksemdar, som til dømes industri og lagerverksemd, der ein stor del av utgiftene går til verksemdas bygnings- og uteareal. Utgreiinga skal vise i kva grad planen legg til rette for etablering av slik næring.

#### 3.3.1 Kriteria for registrering og områdeinndeling

I konsekvensutgreiinga sjåast heile planområdet under eitt, og delast ikkje opp i delområde som utgreiast for seg.

#### 3.3.2 Kriteria for verdivurdering

Ikkje aktuell.

#### 3.3.3 Kriteria for vurdering av påverknad

Med påverknad meiner vi ei vurdering av korleis eit området vert påverka som følgje av eit definert tiltak. Påverknad vurderast i forhold til referansesituasjonen (null-alternativet). Det skal vurderast i kva grad planen bidreg til å oppnå måla om at Stanghelle skal ha eit meir variert næringsliv med vekst i nye arbeidsplassar og fleire av dei sysselsette busett i kommunen skal arbeide i eigen kommune.

Påverknaden av planen vurderast på tre vis:

- I kva grad planen legg til rette for eit auka utbyggingspotensial for publikumsretta næring.

- I kva grad hovudvekta av utbyggingspotensialet for publikumsretta næring i planen ligg nær kollektivknutepunktet slik at nye samanhengar mellom framtidig næring, bustader og servicetenester kan skje.
- I kva grad planen aukar brukbart tomteareal til industri, næring mm.

Tabell 1. Skala for vurdering av påverking, næringsutvikling og arbeidsplassar

Påverking	Utbyggingspotensial for publikumsretta næringar	Moglegheiter for ringverknader	Tilgang til brukbart tomteareal, industri, næring mm.
Lav grad	Utbyggingpotensial for publikumsretta næring aukar med 10 %.	Hovudvekta av utbyggingpotensial for publikumsretta næring ligg meir enn 250 m frå ny jernbanestasjon	Tilgang til brukbart tomteareal aukar mindre enn 10 %.
Middels grad	Utbyggingpotensial for publikumsretta næring aukar med mellom 10 og 20 %.	Hovudvekta av utbyggingpotensial for publikumsretta næring ligg maksimalt 250 m frå ny jernbanestasjon.	Tilgang til brukbart tomteareal aukar med mellom 10 og 20 %.
Høg grad	Utbyggingpotensial for publikumsretta næring aukar med meir enn 20 %.	Hovudvekta av utbyggingpotensial for publikumsretta næring grenser til ny jernbanestasjon.	Tilgang til brukbart tomteareal aukar med meir enn 20 %.

Areal til publikumsretta næring er i denne utgreiinga areal som kan nyttas til forretningsverksemdar og privat tenesteyting.

### 3.3.4 Kriteria for vurdering av konsekvens

Konsekvens skal i denne utgreiinga tydst som tiltakets påverknad.

Det nyttast ein tilpassa variant av kriteria for fastsetting av konsekvens i handbok V712 (tabell 2). Lav grad av påverknad gjer ubetydeleg konsekvens, middels grad gjer positiv konsekvens og høg grad gjer stor positiv konsekvens.

Tabell 2. Kriteria for fastsetjing av konsekvens for kvart alternativ (V712).

Skala	Trinn 2: Kriterier for fastsettelse av konsekvens for hvert alternativ
Kritisk negativ konsekvens	Svært stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samla verknader. Stor andel av strekninga/området har særleg høg konfliktgrad. Vanlegvis fleire delområde med konsekvensgrad 4 minus (- - -). Vert brukt unntakvis
Svært stor negativ konsekvens	Stor miljøskade for temaet, gjerne i form av store samla verknader. Vanlegvis har stor andel av strekninga/området høg konfliktgrad. Det finst delområde med konsekvensgrad 4 minus (- - -), og typisk vil det vere fleire/mange område med tre minus (- - ).
Stor negativ konsekvens	Fleire alvorlege konfliktpunkt for temaet. Typisk vil fleire delområde ha konsekvensgrad 3 minus (- - ).
Middels negativ konsekvens	Delområde med konsekvensgrad 2 minus (- -) dominerer. Høgare konsekvensgrader førekjem ikkje eller er underordna.

Noko negativ konsekvens	Liten andel av konflikhtar. Delområde har lave konsekvensgrader, typisk vil konsekvensgrad 1 minus (-), dominere. Høgare konsekvensgrader førekomer ikkje eller er underordna.
Ubetydeleg konsekvens	Alternativet vil ikkje medføre vesentleg endring frå referansesituasjonen (referansealternativet). Det er få konflikhtar og ingen konflikhtar med høge konsekvensgrader.
Positiv konsekvens	I sum er alternativet ei forbetring for temaet. Delområde med positiv konsekvensgrad finst. Kun eitt eller få delområde med låge negative konsekvensgrader, og desse blir vegd opp klart av delområde med positiv konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbetring for temaet. Mange eller særleg store/viktige delområde med positiv konsekvensgrad. Berre eitt eller få delområde med låge negative konsekvensgrader, og desse vert vegd opp klart av delområde med positiv konsekvensgrad.

## 4. Utgreiingsalternativ og tiltaksskildring

### 4.1 0-alternativet – referansealternativet

0-alternativet er ei vidareføring av alle gjeldande reguleringsplanar i området, med statleg plan for ny E16 med Vossebane. Referanseåret som er lagt til grunn er 2032, når statleg plan er realisert.

### 4.2 Tiltaksskildring for områdeplanen

Tiltak for bane og veg er avklart gjennom vedtatt reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle. Temaet næringutvikling og arbeidsplassar er ikkje omtala i konsekvensutgreiing for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle.


Områdereguleringa for Stanghelle opnar opp for fortetting av områder i nær tilknytning til det nye stasjonsområdet. Områdereguleringa legg opp til utbygging av nokre nye areal, i tillegg til at ein vidarefører eldre gjeldande planar som ikkje er bygd ut.

#### 4.2.1 Utviklingsområda i områdeplanen:

Følgjande delområde er vurdert som nye tiltak, og leggjast til grunn for KU:

1. Fortetting og transformasjon på Stanghelle sentrum
2. Bustader i sentrum
3. Utvikling av friområde/ bustader ved kyrkjegarden
4. Moglegheit for oppveksttun
5. Transformasjon av sjøfront nord
6. Transformasjon, utbygging og utfylling av sjøfront sør
7. Transformasjon av banetraseen inkl. reparasjon gang/sykkelnnett
8. Vidareutvikling av friområde Litlevika
9. Utbygging a offentleg føremål
10. Vidareutviklast som turveg
11. Vidareføring av eldre regulering Tettaneset

4.2.2 Utviklingskart



Figur 3: Utviklingskart.

## 5. Kunnskapsgrunnlag og delområde

### 5.1 Generell skildring

Planområde ligger i Stanghelle, eit tettstad i Vaksdal kommune i Vestland fylke, som ligg om lag 5,5 mil frå Bergen. Stanghelle ligg langs E16 og Bergensbanen ved Dalevågen sitt innlaup i Sørfjorden, 6 - 7 km frå kommunesenteret Dale. Kommunen ligg mellom Bergen kommune og Voss herad, og er ein grensekommune mellom dei tre regionane Bergen og omland, Hardanger og Voss, og Nordhordland. Kommunen har lang utstrekning, frå Sørfjorden med grensa mot Bergen i sørvest til Stølsheimen i nordaust. Vaksdal kommune inngår i definisjonen «Bergensområdet», og er ein del av omlandet til Bergen by.

Samla areal for Vaksdal kommune er heile 715 km<sup>2</sup>, der 682 km<sup>2</sup> av desse utgjer landareal. Bergen ligger ca. 40 min unna med Vossebana eller ca. en time med bil langs E16. Med dobbeltspora jernbane vil reisetida med tog bli korta ned frå 28 til 14 minutt, og potensialet for dagpendling og ynskje om busetting i kommunen vil kunna auka. Til Voss tek turen ca. 40 min både med tog og bil. Framføring av K5 mellom Stanghelle og Voss er ikkje del av denne fasen.

I 2022 hadde kommunen 3875 innbyggjarar, kor 761 menneske var busette på Stanghelle. Tettstaden Stanghelle er i dag det minste av de tre tettstadene i Vaksdal kommune.


### Næringsveggar og arbeidsplassar gjennom tidene

Fjorden har vore ein viktig føresetnad for fiske, handel og transport. Frå gammalt av har Stanghelle vore ei jordbruksbygd, og i byrjinga av 1800-talet var framleis gardsdrift den største næringa. Etterkvart vart fiske, og spesielt laksefiske, stadig viktigare. Då Vossabanen vart bygd fekk tettstaden småindustri knytt til båtbyggjeri, kvernhus, smie og røykhus.

Stanghelle har også hatt noko hamneverksemd. Kaien vart nytta som losseplass for fabrikk på Dale, og her kom også rutebåten innom. Her har også vore verkstad i samband med bygging av jernbanen. Jernbanearbeidarar byrja å busetja seg på Stanghelle. Same år som jernbanen vart opna vart det anlagt telegrafstasjon, postkontor, skulehus og kyrkjegard i bygda. Seinare vart "Den vestlandske sko og trævarefabrik" (1918) og dampskipskai (1920-tallet) bygt på Fossmark, like sør for Stanghelle.



### 5.1.1 Registreringskart



Figur 4: Oversikt over dagens arealbruk.

### 5.2 Føringer frå planprogrammet

Konsekvensutgreiinga skal vurdere planen sin verknad for dei tema som er lista opp i tabellen under.

1	Landskapsbilete	Landskapsbilete omfattar det visuelle inntrykket som landskapet har.
2	By- og bygdeliv friluftsliv	Dette tema omfattar tilgjenge eller barrierar til formelle og uformelle møteplassar, friluftaktivitetar, rekreasjon og organisasjonsliv. Barn og unges sine oppvekstvilkår inngår her.
3	Naturmangfald	Naturmangfald omfattar det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald samt økologiske prosessar. Det kan vere dyre- og fugleliv, vegetasjon, marint liv osv.
4	Kulturminne og kulturmiljø	Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og verksemd. Det omfattar alt frå enkeltståande bygningar til samla kulturmiljø – frå helleristningar, gravhaugar, bruer, landbruksbygg og industribygg.
5	Naturressursar	Naturressursar omhandlar den «produktive naturen». Det kan t d vere jordbruk, fiskeri, havbruk, skogbruk, mineralutvinning.
6	Tettstadutvikling og urbanisering	Desse to tema omhandlar i kva grad planen oppnår samfunnsmåla for utvikling og vekst i stasjonsbyane og fortetting rundt kollektivknutepunkta i regionen.
7	Næringsutvikling og arbeidsplassar	

Figur 5: Føringer frå planprogrammet.

### 5.3 Alternativ 0, temaspesifikke forhold

Stanghelle har berre eit svært grunnleggjande tenestetilbod, med daglegvarebutikk, skule og barnehage. Sentrumsområdet er lite utvikla. I følgje SSB er det registrert 121 private arbeidsplassar innanfor planområdet. Nært sentrum er det et populært bade- og friluftsliv med sklie ut mot vatnet og strand. Elles er det gå avstand frå sentrum til Stanghelle stasjon og Stanghelle kyrkje. Dei andre offentlege funksjonane som skule og idrettsanlegg er plasserte utanfor sentrumskjerna. I tillegg ligg både Dale og Vaksdal innanfor kort reiseavstand til Voss og Bergen, som har mange service- og tenestefunksjonar. Store deler av arealet på Stanghelle består av bustadområde, mens arealbruken på Helle består stort sett av landbruksområde.

Av næring innanfor planområdet er nærbutikken den viktigaste aktøren.

### 5.4 Definisjon av delområde

Inga delområde.

## 6. Trinn 1: Verdi, påverknad og konsekvens

### 6.1 Verdikart

Ikkje aktuelt.

### 6.2 Planområdet

Utgreiinga ser på planområdet under eitt.

Innanfor planområdet er delar av Stanghelle sentrum regulert for at publikumsretta private verksemdar kan etablere seg. Herer det i hovudsak lagt til rette for sentrumsføremål knytta til nytt stasjonsområde og kombinerte føremål langs sjøfronten.

Planen legg til rette for at følgjande område kan byggast ut med næring (eventuelt i kombinasjon med andre føremål):

Nr.	Område	Type - areal
1.	Fortetting og transformasjon Stanghelle sentrum	Sentrumsføremål. Utbyggingspotensialet er sett til maks 3000 m <sup>2</sup> BRA forretningsareal. Areal til anna næringsareal kjem i tillegg, og skal avklarast i detaljregulering.
6.	Utfylling, utbygging og transformasjon sjøfront aust	Publikumsretta næring etablerast som del av kombinert føremål. Utbyggingspotensial om lag 7500 m <sup>2</sup> BRA næring. Dette skal avklarast i detaljregulering.
7.	Transformasjon og endringar av eksisterande jernbane inkl. Stanghelle stasjon	Publikumsretta næring kan etablerast som del av kombinert føremål.
9.	Område for offentleg tenesteyting	Mogeleg etablering av brannstasjon.

Mange av delområda må detaljregulerast, og endelig omfang av næring vil først i den fasen avklarast endeleg.

Verdivurdering: Planområdet				
Utan verdi	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Ikkje relevant for dette temaet.				
Tiltaket sin påverknad				
Utbyggingsalternativ	Høg grad (grøn)	Middels grad (gul)		Lav grad (rød)
Områdeplan	▲			
	Områdeplanen legg til rette for ein tydeleg auke i utbyggingspotensial for publikumsretta næringar på meir enn 20 %. Dette peiker mot ein høg grad av påverknad.			
	Områdeplanen legg til rette for at hovudvekta av publikumsretta (forretning) verksemdar etablerast ved kollektivknutepunktet. Dette peiker mot ein høg grad av påverknad.			

	Områdeplanen legg ikkje opp til nye næringsareal til industri, lager mm kan byggast ut. Samla peiker dette mot ein middels grad av påverknad.						
<b>Tiltaket sin konsekvens</b>							
Utbyggings- alternativ	+++ / +++++	+ / ++	0	-	--	---	----
Områdeplan	▲						
	Konsekvensgraden for områdeplanen er sett til positiv konsekvens ( ++ )						

## 7. Trinn 2: Konsekvensvurdering

### 7.1 Samanstilling av konsekvensar

Tabell 3: Samanstilling av konsekvens.

Delområde	Alt. 0	Alt. 1 (områdeplan)
Samla vurdering	0	Positiv konsekvens (++)
Rangering	2	1
Forklaring til rangering		Områdeplanen vil gi positive konsekvensar for næringsutvikling og arbeidsplassar framfor potensialet som ligg i 0-alternativet.

Næringsetableringar og vekst i arbeidsplassar på Stanghelle heng saman med fleire ulike faktorar, men bustadutvikling er svært sentralt. Bustadutvikling med fortetting og transformasjon i sentrum og langs fjorden vil gi moglegheitene for at fleire busett seg på Stanghelle. Dette vil auke etterspurnaden etter varer og tenester som desse etterspør, både i form av kommersielle tilbod (til dømes daglegvarer og frisør) men også frå offentleg tenesteyting (til dømes skule og helse). Å ha næringsliv i nærheita som dekker innbyggjarens daglege behov for handel og service gjer det meir praktisk for bebuarane å få tilgang til det dei treng utan å reise langt. Auka etterspurnad kan føre med seg auka sysselsetting, og sysselsettinga sjølv kan auke etterspurnaden etter varer og tenester. Planen legger til rette for at kan byggast ut med næring (eventuelt i kombinasjon med andre føremål), i stor grad gjennom transformasjon av dagens sentrum, samt utfylling og utbygging i sør langs fjorden.

Fortetting og et meir definert sentrum med arbeidsplassar kan bidra til å skape eit aktivt og livleg miljø der folk kan samle og delta i ulike sosiale aktivitetar. Butikkar, restaurantar og kulturelle arrangementet kan fungere som møteplassar der folk kan interagere og bygge relasjonar. Dette medfører at arbeid og næringsliv kan påverke Stanghelles sentrumsområde.

Ulike faktorar bidrar dermed til en positiv sirkel. Den eine faktoren vil påverke den andre, som kan være med på å legitimere Stanghelle som et bra sted å bo, være, og arbeide.